

MØRE OG ROMSDAL TINGRETT

NOREGS DOMSTOLAR

FAST FORSVARAR

Det er ledig 3 verv som fast forsvarar hjå Møre og Romsdal tingrett/ Frostating lagmannsrett. To verv er knytt til rettsstad Kristiansund frå 05.05.2022 og et verv knytt til rettsstad Molde frå 01.03.2022. Det må påreknas å gjere teneste i heile rettskrinsen. Vervet omfattar oppdrag for begge rettsinstansane.

Vervet er personleg og medfører plikt til å verte inkludert i turnusordninga for faste forsvararar hjå tingrett/lagmannsrett, også i ferieperioder.

Oppnemninga som fast forsvarar skjer på åremål for ein periode på 6 år med høve til gjenoppnemning. Gjenoppnemning ut over ein periode kan berre skje når særlege grunnar tilsei det. For vervet gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 månader. Øvre aldersgrense for faste forsvararar er 70 år.

Ved valet av fast forsvarar vert det lagt vekt på relevant praksis, faglege kvalifikasjonar og personlege eigenskapar. Det vert også lagt vekt på om søkerane har kontorstad i rettskrinsen. Innanfor nemnde rammer vil også omsynet til kjønnsbalanse verte vurdert.

Spørsmål vedkomande vervet kan rettast til Møre og Romsdal tingrett ved nestleiar Øyvind Panzer Iversen på telefon 948 99 939.

Søknad med CV, vitnemål og attestar sendast **innan 09.02.2022** til Møre og Romsdal tingrett, PB 1354 Sentrum, 6001 Ålesund eller på epost more.og.romsdal.tingrett@domstol.no